

4*



Bli med i 4H!

Bli med i 4H!

4H-klubben har klubbmøte minst ein gong i månaden. Det er vi, 4H-arane, som bestemmer kva vi skal gjere når klubben møtest– så vi gjer mykje forskjellig. Nokre gonger har vi kule og morosame aktivitetar utandørs, andre gonger gjer vi kreative og morosame ting inne. Alt frå kanopadling, til å sove ute under open himmel, besøke ein gard, bake, ha karneval eller eventyrleg kveld ved bålet.

Blir du med i 4H kan du bli med på mange spennande, morosame og utforskande turar. Som 4H-ar kan du også delta på ulike kurs – alt frå organisatoriske kurs innan styrearbeid, til kunnskapskurs som f.eks. motorsag eller dyrestell.

Om sommaren reiser vi på leir! Enten på lokale leirar med naboklubbane eller på landsleir der vi treffer 4H-arar frå heile landet. Du kan også få nordiske vener på nordisk 4H-leir eller reise ut i verda på utveksling.

Velkommen til oss!

Vil du lære noko nytt,
få vener for livet og
opplevingar du elles
ikkje ville fått? Gjer som
mange tusen barn og
unge over heile landet
– bli med i 4H!

4h.no/blimed